

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Juletre og julekalen

Bygdelag: Nedre bygda

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikera

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. — Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Juletre er almindelig i bygda.
2. Kring 1890 åra var det dei tok til å ha juletre.
3. Dei hadde- og har aldri hatt juletre i kyrkja. Festar med juletre i skule- bede- og ungdomshus tok ~~til~~ ein til med seinare enn ein tok til med juletre i heimane.
4. Dei pynta ikkje veggene med grøne kvister og anna. No gjer dei det ofte til juletefest i forsamlingslokal.
5. I vår tid pyntar dei ikkje heller veggene med grønt i heimane om dei har juletre.
6. Storleiken på juletreet i heimane varierar mykje. I heimar der dei har born, har ein gjerne tre som er kring 1,50 m. høgt til 2 m. høgt. ~~Disse~~ Disse står i krakk på golvet. I heimar der det er berre vaksne har dei helst små tre som står på eit bord.
7. Frå fyrst av pynta dei trea med papirkorger, papirlenker, eple, appelsin, "kakekorer" og lys. No brukar ein mest kjøpt julestas så som: glausfargat kuler, fuglar, stjerner, glitter, flagg, bomull og lys og papirstas.

2  
8. Mange stader er det borna som pyntar  
treet eller hjelper til med det.

9. Lovar m. 6.

10. Om kveldane ved juletid sløkkjer dei  
lampene, tender lysa og går kring treet.

Dette gjer dei serleg der det er born.

11. Der det er born går dei kring treet og  
syng - berre <sup>dei</sup> kjende julesongane -. På somme  
gardar samlast alle borna ein kveld i  
ein heim og går kring treet, og neste kvelden  
samlast dei i neste heim, - til dei har fare over  
alle.

12. Dei fleste tek treet bort i veke etter nøyjar,  
Summe let <sup>det</sup> stå noko lenger.

13. Borna får lov å ta ned <sup>av</sup> treet. No og då  
seier me at dei plyndrar treet.

14. Frå fyrst av brukt somme berre ei stor  
gren av gran eller fjera til juletre, andre  
brukt einer. No brukar dei fleste gran,  
men nokre fjera.

15. Noko "juletre-sarregat" vert ikkje brukt.

16. Ein hev aldri sett opp tre utanfor huset.

1. Lössinatta skulle elle liggja i halvm  
på golvet.

2-3. Halmen låg laus over golvet.

4. Me veit ikkje om at dei låg i halvm på  
golvet juleaftan. Men me har ei segn om at  
på Øksnabø i Eikessund bar dei inn halvm  
juleaftan og la på golvet. Så avkleddede dei seg  
spilt-makene, hoppet oppetter veggene og datt  
ned att i halmen. Dette vart sidan kalla  
"Øksnabø-julespel." Eg undrast på om ikkje  
dette "Øksnabø-julespel" er ein gamal skikk  
som har gjenge or folkeminnet.